

**30 års
garanti!**



**dører for
fuktige forhold**

Velkommen til KIAS!

Kvanne Industrier AS (KIAS) har sidan 1983 produsert haldbare dører og andre produkt i Surnadal kommune på Nordmøre. Forretningsideen vår er å levere kundetilpassa produkt som varar. Med lokal og effektiv produksjon, samt den beste service og kvalitet, ønskjer vi å bidra til at skandinaviske bygg blir meir hygieniske, enklare å vedlikehalde og kostnadseffektive i eit livsløsperspektiv – til det beste for brukarane, byggherrar og miljøet vårt.


Hovudprodukta våre er dører med dørblad i glasfiberarmert polyester (GRP) og PUR (polyuretan) som kjernemateriale, samt aluminium i rammer og karmar. Dette gjer produkta svært robuste, til og med i våtrom, og vi gir 30 års garanti mot fukt- og råteskadar på standard dørblad og karmar.

I tillegg lagar vi mange andre produkt, som f.eks. pendel-dører i polykarbonat, ulike portar, luker og lyskassar. Vi likar å bli utfordra!

Vi omset årleg for rundt 25 millionar kroner, til hovudsakleg nærings-, helse- og utdanningsbyggkundar.

Dører frå KIAS kan du finne i alt frå lakseslakteri til hotell eller operasjonsstuer. Noko av omsetninga vår går gjennom partnar og deleigar Nordic Door, Noregs største dørprodusent, som tilbyr nokre av produkta våre i sitt komplette dørprogram.

www.nordicdoor.no





Kvalitet i alle ledd

På fabrikken vår i Surnadal er vi ein liten og samansveisa gjeng som set vår ære i både å lage marknadens mest haldbare dører og ha eit godt og effektivt arbeidsmiljø! Vi er levande opptekne av lokal verdiskaping og er stolte av å kunne tilby meiningsfulle industriarbeidsplassar til våre tilsette og til regionen.

Sjølv om produksjonen har vorte meir og meir maskinell og automatisert, er den gode kvaliteten vår avhengig av godt handverk frå vår side. Vi ønskjer ikkje å møte oss sjølve i døra, bokstaveleg tala ...

Kvanne Industrier AS er stolt av å vere ei lærebodrift, og målet vårt er til ei kvar tid å ha minst éin lærling. Det er mange og varierte arbeidsprosessar som inngår frå ei dør skal utviklast, spesifiserast og materiale innkjøpast, til døra er ferdig samansett og testa, pakka og går ut fabrikkporten. Vi samarbeider tett med skulane og det lokale opplæringskontoret, og vi legg mykje innsats i at læreløpet hos oss skal vere så godt som mogleg. Den siste lærlingen som fullførte læretida si hos oss fekk fast tilsetting etterpå.









Mangfaldig produktspekter

KIAS-dører finn du i veldig mange ulike bygg og settingar. Tidlegare var dørene i hovudsak brukt i næringsmiddel-industrien, men i dag finn vi dei i bruk i alt frå lakseslakteri, via hotell og svømmehallar, til operasjonsstuer på sjukehus. Vi set pris på mangfold!

Felles for alle kundane våre, store som små, er at dei er ute etter dører som toler tøffe bruksforhold, som er lette å halde reine og som ikkje minst varar lenge. Vår 30 års garanti mot fukt- og råteskader, som vi gir på alle standarddører og -karmar, er det få dørleverandørar som kan matche.

I tillegg til dører i glasfiber og aluminium lagar vi òg andre produkt, alt frå dei minste lukene, via pendeldører i polykarbonat, til store kjøleportar. I produktsortimentet vårt finn ein òg fastkarm-vindauge og kassar til lysarmatur, og vi kan tilby isolering av aluminiumsprofilar i eiga isoleringsline.

Har du eit dørbehov, skal det godt gjerast at vi ikkje vil finne ei løysing for deg. Kontakt oss!

 Industri

 Næringsmiddel

 Helse og utdanning

 Andre bruksområder

Vi lagar dine spesialdører

Sjølv om vi også produserer dører i samsvar med norsk standard, er og vil vi aldri bli ein dørfabrikk som masseproduserer standarddører. Det å finne gode og tilpassa løysingar på spesielle dørbehov er sjølve kjernekompasen vår. Vi har ein fleksibel maskinpark og arbeidsstokk, som kan snu seg rundt og takle dei mest finurlege utfordringar.

Alt frå spesialmål til andre små og store utformingskrav finn vi stort sett ut av, ofte på rekordtid. Lite gjer oss så glade som fornøgde kundar som seier at dei har fått god og rask hjelp hos oss, som dei ikkje finn andre stader.

På desse sidene finn du nokre eksempel på alt vi kan lage, og vi er heilt sikre på at vi ikkje har laga den mest spesielle døra enno. Kanskje blir det di?



**MIDTNORSK
BEDRIFTSHELSETJENESTE**

6650 Surnadal - T. 71 66 03 26 - midtnorskbedriftshelsetjeneste.no

Din lokale Bedriftshelsetjeneste
Ta kontakt for en uforpliktende samtale for
å finne en god avtale for nettopp din bedrift.



Vi utfører et brent spekter av tjenester om dekker de fleste behov som den næringsdrivende måtte ha for økonomiske funksjoner.

Regnskapstjenester • Lønnstjenester • Økonomisk rådgiving



**Kombi Regnskap
& Økonomi AS**
Autorisert Regnskapsførerselskap

Skeivegen 3, 6650 Surnadal • Tlf. 71 65 70 80
www.kombiregnskap.no



Elektriker med butikkutsalg

AS ELEKTRO

6650 SURNADAL

45831605 - as-ele@online.no - aselektr.no

Vi lager reklame som virker,
til kunder i et bredt
spekter av bransjer.

Ta kontakt med oss.

Svartvassvegen 2
6650 Surnadal
Tlf: 90 74 91 77
E-post: annonse.amfikreativ@olavthon.no

AMFI
KREATIV AS

Lang levetid gir god berekraft

Ei dør som varar lenge er ei dør som er med og tek vare på miljøet og ressursane våre. Vi gir, som kanskje einaste dørleverandør, 30 års garanti for at standardprodukta våre ikkje skal rotne eller bli fuktksadde. Det lange livsløpet til ei KIAS-dør betyr at det ikkje vil bli brukt unødige ressursar i verdikjeda vår på å produsere og frakte ei ny dør.

Vi har tru på norsk produksjon, og med maskiner som går på rein vasskraft og med norsk aluminium blant råvarene er vi med og gjer konkurrentane våre grøne òg, av misunning. Vi veit at noko av det som påverkar CO₂-balansen i verda mest er transport.

Det at vi produserer i Noreg, for den norske og skandinaviske marknaden, gjer at vi òg kan minimere transporten ift. liknande produkt, som gjerne må importerast langvegs frå.

Som sertifisert Miljøfyrtårn-bedrift er vi generelt sett svært bevisste på å passe på at vi og aktiviteten vår belastar miljøet rundt oss så lite som mogleg. Som eit ledd i dette tilbyr vi òg å ta dørene våre i retur, ved slutten av normalt livsløp. Slik sikrar vi at det som kan brukast på nytt blir det, og vi sørger for trygg handtering av resten av materialane. Vi kallar det berekraft i praksis.





Vår hovedgeskjeft er pulverlakkering av produkter i stål og aluminium. Dette være seg reklameskilt, rekkverk, hengsler, beslag, dørprofiler etc.

I tillegg så har vi et godt utstyrt mekanisk verksted der vi tilbyr bl.a. sveising (tig/mig/punktsveising – rustfritt/aluminium/stål), rørbøyning, beslagsknekking, rørvalsing, boring, gjenging samt mye mere.

teknolakk as

Kvenildmyra 2, 7093 Tiller • Tlf. 901 49 956 • E-post: info@teknolakk.no • www.teknolakk.no



BIESSE

FALKENBERG SETTER PRIS PÅ Å VÆRE SAMARBEIDSPARTNER MED KIAS

Kvanne Industrier bruker maskinerings-senter fra Falkenberg og Biesse i sin produksjon av dører. Dette er maskiner med høy presisjon og kapasitet som er egnet for all mulig bearbeiding av både plast og treverk. Biesse har et stort utvalg av maskiner som er egnet for de fleste bearbeidinger. Maskinene kan også utvides for automatisk drift med automatisk innlasting og/eller lagersystemer.

A. Falkenberg Eft. AS
+47 66 77 89 00,
info@falkenberg.no
www.falkenberg.no



FALKENBERG
- mer enn maskiner!

Kontakt oss!

Kvanne Industrier AS
Org. nr. 835 056 082

Industrivegen 53
6652 Surnadal


Tlf. 71 66 36 89
post@kiasdoren.no
www.kvanne.no



nordicdoor

AQUA VÅTROMSDØR

30 ÅRS
GARANTI!



EN FUKTBESTANDIG OG DRIFTSSIKKER VÅTROMSDØR
SOM ER LETT Å HOLDE REN

I SAMARBEID MED
KVANNE INDUSTRIER AS.

www.nordicdoor.no

